

Budsjett 2017

Stab og støtte Helse Førde HF

Pr. 09.12.2016 13:01:48

Innholdsliste

1	Samandrag	3
2	Status omstilling.....	3
3	Økonomi	4
3.1	Budsjetteknisk.....	4
3.2	Stab og støtte – samla.....	5
3.3	Administrerende direktør	7
3.4	Stab og støtte VAD	8
3.5	Intern service	9
3.6	Fag og utviklingsavdeling	9
3.7	HR-avdeling.....	10
3.8	Økonomiavdeling.....	13
3.10	Drift og eigedom	13
4	Bemanningsplan Stab og støtte	18
5	Budsjettprosess.....	19

1 Samandrag

Stab og støtte legg til grunn ei netto budsjetttramme på 442,1 millionar i 2017. Sjølv om budsjettet er tryggt, så er det prioritert midlar til organisasjonsutvikling gjennom pasientens helsetenester.

Budsjett-tekniske føresetnader

Utarbeida prognose for 2016 er utgangspunktet for budsjettarbeidet, endringar i drifta i 2016 er difor innarbeida i budsjettokumentet. Vesentlege tiltak planlagt i 2017 er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

I framlegg til budsjett er det lagt inn følgjande forutsetningar:

- lønskostnader 2,7%
- driftsinntekter 2,3 %
- driftskostnader 2,3%
- basisinntekter 2,6 %
- reduserte pensjonskostnader 6,0 millionar
- ny ordning med refusjon av meirverdiavgift (mva), kostnadsreduksjon 38,8 millionar

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, samt alle leiarane i Stab og støtte vore involverte. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har Stab og støtte kome fram til følgjande framlegg til budsjetttramme for 2017:

Budsjetttramme 2017 Stab og støtte (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	447 369
Ramme og prisendringar	- 27 571
Endringar i kostnadane som følgje av vedtak og hendingar i 2016	22 254
Sum nettokostnader - ramme 2017	442 051

2 Status omstilling

Målet om å drive effektive stab og støttetjenester for at mest mogeleg av tilgjengelege ressursar skal gå til kjerneverksemda i føretaket står fast. Effektivitetsmålet må balanserast opp mot tenestene som Stab og støtte skal levere, arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m.

For fleire tenester vert det arbeid med serviceavtalar mellom støttefunksjonar og dei kliniske avdelingane, for å sikre at klinikkane får tenester av rett kvalitet og kostnad.

Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i Stab og støtte gjennom lengre tid. Fråværet har tradisjonelt vore høgare enn i dei fleste kliniske avdelingane. Men dei siste åra er sjukefråvær vorte redusert og gjennom stordelen av 2016 har sjukefråværet vore lågare enn i 2015. I månaden september 2016 var sjukefråværet nede i 4,8 %.

3 Økonomi

3.1 Budsjetteknisk

Budsjetteknisk	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
400001 - Konsern - andre felleskostn.			2 000	2 000
400008 - Basisramme	- 1 530 770	- 1 536 770	- 1 394 818	141 953
400600 - Avskrivningar Bygning	67 000	65 000	41 000	- 24 000
400601 - Avskrivningar Med.teknisk utstyr	23 600	20 600	22 000	1 400
400602 - Avskrivningar IT-utstyr	600	600	1 000	400
400603 - Avskrivningar Driftsteknisk utstyr	9 950	9 950	12 000	2 050
410050 - Gjestepasientar somatikk HF	41 789	20 944	31 407	10 462
410051 - Internt gjestepasientoppgjør	17 306	17 306	23 436	6 130
410052 - Gjestepasientar Rehabilitering	13 302	13 302	23 513	10 211
490000 - Renter på lån og bankinnskott	1 900	400	3 400	3 000
490001 - Andre kostnader	3 611	3 511	3 611	100
Totalsum	- 1 351 712	- 1 385 157	- 1 231 451	153 706

Den største delen av nedgangen i basisramma på 142,0 millionar kjem som følgje av mva kompensasjonsordninga blir innført frå 2017 samt lågare pensjonskostnader. Endringar i kostnaden for gjestepasientar er det meist ei flytting mellom ulike ansvarsnummer som følgje av endringar i pasientstrømmer og ei gjennomgang av konteringa på området. Når det gjeld avskrivningar er vi ferdig med å avskrive delar av opningsbalansen. Dermed faller avskrivningane kraftig. For finansområdet vil vi ta opp nye lån i 2017 samt at vi forventar høgare bruk av trekkramma. Elles er det nokon mindre endringar i kostnadane som førast på budsjetteknisk område.

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	- 1 385 157
Rammefinansiering, basisramme	141 953
Gjestepasientkostnader	26 803
Endring kostnader	2 000
Finanskostnader	3 000
Avskrivningar	- 20 150
Avsetningar	100
Sum nettokostnader - ramme 2017	- 1 231 451

3.2 Stab og støtte – samla

Budsjettramme 2017 Stab og støtte (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	447 369
Ramme og prisendringar	- 27 571
Endringar i kostnadane som følgje av vedtak og hendingar i 2016	22 254
Sum nettokostnader - ramme 2017	442 051

Stab og Støtte	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN01 - Basisramme	- 124 212	- 124 212	- 119 390	4 822
LN071 - Øyremarka tilskot - raskare tilbake	- 307	- 407	- 416	- 9
LN08 - Andre øyremarka tilskot	- 17 501	- 17 363	- 2 246	15 117
LN09 - Andre driftsinntekter	- 75 383	- 79 008	- 82 367	- 3 359
Sal og driftsinntekter	- 217 403	- 220 990	- 204 419	16 571
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	836	878	921	43
LN12 - Kjøp av private helsetenester	39	39	40	1
LN13 - Varekost	22 412	22 972	19 906	- 3 066
LN15 - Løn til fast tilsette	89 577	90 606	95 113	4 507
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	27 280	26 703	22 800	- 3 903
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	23 104	22 718	21 540	- 1 178
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	7 438	5 149	6 377	1 228
LN19 - Anna løn	19 451	20 230	20 829	600
LN22 - Andre driftskostnader	396 041	394 333	371 435	- 22 898
Driftskostnader	671 772	668 359	646 470	- 21 889
Sum	454 369	447 369	442 051	- 5 318

Tabellen syner at netto kostnader vert redusert frå 447,4 millionar i 2016, til 442,1 millionar i 2017.

Budsjettframlegg for avdelingane i Stab og støtte:

Stab og støtte pr. avdeling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OCA - STAB OG STØTTE VAD	128 512	128 502	130 452	1 950
OCB - ADM DIR	13 587	13 114	12 672	- 442
OCC - FAG OG UTVIKLINGS-AVDELING	31 856	31 727	34 519	2 792
OCD - HR-AVDELING MED PASIENTREISER	44 335	40 834	42 664	1 830
OCF - ØKONOMIAVDELING	25 733	24 901	25 801	901
Sum Foretaksområdet	244 023	239 078	246 108	7 030
OBC - HUSØKONOMI	43 487	42 468	40 521	- 1 946
OBC5 - PORTØR FSS	30 489	30 728	28 754	- 1 975
OBD - TEKNISK DRIFTSAVDELING	68 989	69 580	68 530	- 1 051
OBF - MATFORSYNING	40 086	39 342	36 445	- 2 898
OEA - DRIFT OG EIGEDOM	2 897	2 047	326	- 1 722
OED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	24 399	24 125	21 368	- 2 757
Sum Drift og eigedom	210 346	208 291	195 943	- 12 348
Sum	454 369	447 369	442 051	- 5 318

Av netto reduksjon på 5,3 millionar utgjer følgjande prisjusteringar:

Prisendringar (tal i 1000 kroner)	
Lønsjustering 2,7 %	5 463
Kostnad justering 2,3%	8 924
Andre inntekter justering 2,3%	- 1 912
Reduksjon basisramme	4 822
Korrigert pensjonskostnad 2017	- 6 038
Refunderte kostnader til mva i 2017	- 38 830
Sum prisendringar	11 258

3.3 Administrerende direktør

Adm. dir.	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN09 - Andre driftsinntekter	- 256	- 256	- 262	- 6
Sal og driftsinntekter	- 256	- 256	- 262	- 6
LN13 - Varekost	14	14	11	- 3
LN15 - Løn til fast tilsette	7 069	6 942	7 067	124
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	5	5	5	
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	2 347	2 347	2 054	- 293
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 66	- 67	- 68	- 2
LN19 - Anna løn	2 367	2 461	2 383	- 78
LN22 - Andre driftskostnader	2 107	1 668	1 483	- 185
Driftskostnader	13 843	13 370	12 934	- 436
Sum	13 587	13 114	12 672	- 442

Adm. dir.	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OCB1 - ADM DIR	6 371	5 892	4 800	- 1 092
OCB6 - STADLEG LEIAR NORDFJORD	7 216	7 222	7 098	- 125
OCB7 - STADLEG LEIAR LÆRDAL			775	775
Sum	13 587	13 114	12 672	- 442

For området til administrerende direktør er det framlegg om ein reduksjon på 0,4 millionar i høve prognose for 2016. Endringar kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	13 114
Lønsjustering	249
Kostnader justering	43
Andre inntekter justering	- 6
Korrigert pensjonskostnad 2016	- 293
Samhandlingssjef flytta til Fag og utvikling	- 950
Stadleg leing i Lærdal	650
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i 2016	- 135
Sum nettokostnader - ramme 2017	12 672

Styret sitt område er budsjettert med aktivitetsnivå tilsvarande som i 2016.

Stadleg leiar Nordfjord

Servicesenteret ved NSH er organisert under Administrerende direktør, ved Stadleg leiar Nordfjord. Drift i 2017 er ei rein framskrivning av drifta i 2016. Det er ikkje rom for innsparing før det vert gjort ei samling av aktivitet på områda telefoni og skriving samla i Helse Førde.

Stadleg leiar Lærdal

Det er tilsett stadleg leiar frå 01. november 2016. 70 prosent av stillinga vert løna her.

3.4 Stab og støtte VAD

Stab og Støtte VAD	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN09 - Andre driftsinntekter		- 579	- 184	395
Sal og driftsinntekter		- 579	- 184	395
LN15 - Løn til fast tilsette	15 991	17 369	18 106	737
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	9	9	9	
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	4 834	4 834	5 079	245
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 56	- 280	- 133	146
LN19 - Anna løn	3 369	3 838	3 283	- 555
LN22 - Andre driftskostnader	104 365	103 309	104 292	983
Driftskostnader	128 512	129 081	130 636	1 555
Sum	128 512	128 502	130 452	1 950

Stab og Støtte VAD	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OCA0 - STAB OG STØTTE FELLES	10 157	9 156	10 568	1 412
OCC7 - INTERNKONTROLL	12 208	11 812	12 700	889
OCE2 - IKT	103 396	104 783	104 464	- 319
OCG1 - KOMMUNIKASJONSAVDELING	2 751	2 751	2 720	- 31
Sum	128 512	128 502	130 452	1 950

Budsjett innan Viseadministrerende direktør (VAD) sitt område, aukar med 2 millionar i høve prognose for 2016. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	128 502
Lønnsjustering	559
Kostnader justering	2 334
Inntekter justering	- 4
Korrigert pensjonskostnad 2016	245
Korrigering endra MVA 2017	- 9 717
Auka kostnader til IKT	8 700
Innsparing i driftsorganisasjonen, nytte ressursar i prosjekt Nye Førde sjukehus	- 2 182
Pasientens helseteneste, organisasjonsutvikling	2 000
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i 2016	15
Sum nettokostnader - ramme 2017	130 452

I budsjettet er det lagt inn ein auke i IKT kostnadene i 2017 som samsvarer med budsjettet til Helse Vest IKT. Langtidsbudsjettet til Helse Vest IKT syner ei aktivitetsauke innan IKT-området og føretaket vil få ein fortsatt kostnadsvekst på dette området i åra framover. I 2017 er dei største endringane knytt til auke i varesal, driftsetting av dei nye løysingane DMA og KULE , auka aktivitet i porteføljen og etablering av ei ny avdeling «Regionalt EPJ Fagsenter» som er overført frå føretaka. Alt dette krev auka bemanning hos Helse Vest IKT.

Avdeling for internkontroll (AIK) sitt ansvarsområde og arbeidsområder er knytt til utvikling av ulike delar av Kvalitetssystemet i Helse Førde, samt støtte til bruk av systema ute i organisasjonen. Ved ny «Forskrift om kvalitets- og styringssystem i helse- og omsorgstjenesten» og Nasjonal helse- og sjukehusplan sitt fokus på sertifisering, vil ansvarsområde til avdelinga bli viktig komande år.

Beredskapsområde har framleis høgt nasjonalt og regionalt fokus. Her er dei økonomiske konsekvensane noko usikre, og vi vil følgje utviklinga.

Kommunikasjonsavdelinga har tre faste stillingar. Avdelinga opplever aukande arbeidsmengde. Kommunikasjonsarbeid knytt til store digitale prosjekt og program tek stadig meir tid. Dette gjeld både regionale og lokale prosjekt og program. Hausten 2016 fekk alle helseføretaka i Helse Vest nye internettsider knytt til den offentlege helseportalen. Sjølv om det nye nettet er teke i bruk, står det framleis att ein god del arbeid med å byggje ut dei nye nettsidene.

3.5 Fag og utviklingsavdeling

Fag og utvikling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN01 - Basisramme	- 3 081	- 3 081	- 3 161	- 80
LN08 - Andre øymerka tilskot	- 2 901	- 2 763	- 2 246	517
LN09 - Andre driftsinntekter	- 2 248	- 2 411	- 2 466	- 55
Sal og driftsinntekter	- 8 230	- 8 255	- 7 874	381
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	836	878	921	43
LN12 - Kjøp av private helsetenester	39	39	40	1
LN13 - Varekost	106	108	86	- 22
LN15 - Løn til fast tilsette	21 978	21 856	24 438	2 582
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	924	388	689	300
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	6 644	6 640	6 227	- 413
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 572	- 952	- 603	349
LN19 - Anna løn	4 366	4 278	4 730	452
LN22 - Andre driftskostnader	5 764	6 747	5 864	- 882
Driftskostnader	40 085	39 981	42 392	2 411
Sum	31 856	31 727	34 519	2 792

Fag og utvikling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OCC1 - FAG OG UTV	6 141	5 936	4 945	- 990
OCC4 - SENTER FOR KLINISKE FAGSYSTEM	14 752	14 086	14 391	305
OCC8 - FOU, SENTER FOR HELSEFORSKING	5 375	5 463	6 276	813
OCC9 - KVALITET OG PASIENTTRYGGLEIK	2 349	2 531	5 623	3 091
OCD3 - KOMPETANSE OG UTDANNING	3 239	3 711	3 283	- 427
Sum	31 856	31 727	34 519	2 792

Budsjettframlegget til Fag og utvikling syner ein netto auke på 2,8 millionar kroner i høve prognose for 2016. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	31 727
Lønnsjustering	769
Kostnader justering	166
Andre inntekter justering	- 106
Basisinntekter justering	- 80
Korrigert pensjonskostnad 2016	- 413
Korrigering endra MVA 2017	- 485
Sum justeringar	- 148
Samhandlingssjef flytta frå adm. dir	950
Stillingar flytta til seksjon kvalitet og pasienttryggleik	- 1 700
Kjøp av elektronisk beslutningsstøtte - system for pleiepersonell	250
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i 2016	- 129
Sentralt fag og utvikling	- 629
Sum seksjon kliniske fagsystem, auke i budsjett 2017	462
Innovasjonsstilling, samarbeid med Høgskulen S og Fj. og Kunnskapsparken	250
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i 2016	639
Sum seksjon for helseforskning	889
Reduserte stillingar i smittevern 2017	- 500
Stillingar flytta frå seksjon fag og utviklingsdirektør	1 700
Tilført midlar til erstatning for prosjektinntekter pasienttryggleik	600
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i 2016	828
Sum seksjon kvalitet og pasienttryggleik	2 628
Sum seksjon kompetanse og utdanning, reduksjon i budsjett 2017	- 410
Sum nettokostnader - ramme 2017	34 519

Fag og utviklingsavdelinga sitt budsjett for 2017 har ein auke samanlikna med 2016. Årsakene er både ny aktivitet og at stillingar er flytta til avdelinga frå andre område i stab og støtte:

- Nye faste stillingar med heilårsverknad i samband med innføring av IKT-prosjekt, pasienttryggleiksprogram og barn som pårørande. Delar av desse stillingane vart delvis finansierte med prosjektinntekter i 2016
- Samhandlingssjef vert frå 2017 del av avdelinga – flytta frå AD
- Nokre tenester/faste stillingar som tidlegare har vore delvis prosjektfinansiert er no finansiert med ordinære driftsmidlar.
- Avdelinga vil også i 2017 ha høg aktivitet, med fleire prosjektstillingar som er finansiert med eksterne midlar, i hovudsak midlar frå Helse Vest RHF.

Det er føreteke ei omorganisering i avdelinga i løpet av 2016. Målet er betre effektivitet og større fagmiljø gjennom å samle likearta aktivitet, og unngå for stort kontrollspenn for leiaren i avdelinga. Dette fører til interne budsjettflyttingar. Stillingar er flytta frå Utviklingsdirektør sin stab til seksjonane. To seksjonar har fått nye namn og fleire oppgåver, og dei fire seksjonane heiter no:

- Kvalitet og pasienttryggleik (inkluderer tidlegare seksjon for smittevern)
- Kompetanse og utdanning (tidlegare seksjon for undervisning)
- Seksjon for forskning og innovasjon (FOU), som er samorganisert med Høgskulen i Sogn og Fjordane i felles «Senter for helseforskning.» Arbeidet med nasjonalt helseatlas (finansiert av Helse Vest) og samhandlingsbarometeret vert lagt til seksjonen.

- Seksjon for kliniske fagsystem

Fagdirektør og samhandlingssjef er i utviklingsdirektør sin stab. Utviklingsdirektør leiar arbeidet med tenesteutvikling i programmet «Pasientens helseteneste,» og det er føresleg å flytte programstabsressursane frå VAD til Fag og utviklingsavdelinga frå 2017.

Det er eit mål å auke forskingsaktiviteten i Helse Førde. Stab og støtte har sett av ein mindre pott midlar til føremålet for 2017. Det er lagt plan for bruken av desse midlane; å styrke innovasjonsarbeidet i samarbeid med Høgskulen og Kunnskapsparken. Helse Førde har i 2016 sendt – og planlegg - fleire søknader om midlar om forskingsprosjekt til eksterne enn tidlegare, og ventar på kva utteljing dette vil gje. Dette gjeld mellom den potten Helse Vest har sett av til mindre føretak. Det er pr idag ikkje funne midlar til dette føremålet.

Avdelinga har lagt inn forventna effektiviseringstiltak i form av i reduksjon i delar av stilling som arbeider med å scanne dokument, i forventning om at kliniske IKT-prosjekt (især KULE-prosjektet) gradvis skal gjere scanning overflødig. Det er knytt noko risiko til om dette tiltaket let seg gjennomføre.

Det er høg merksemd på å ha mindre reiseaktivitet, m.a. gjennom meir bruk av videomøte.

Utfordringsbilde knytt til 2017

Det vert lagt gradvis større forventningar til Fag og utviklingsavdelinga i og med at krava til føretaka sitt arbeid med fagutvikling, kvalitets- og pasienttryggleiksarbeid er aukande. Det er ei utfordring å handtere mange store prosjekt samstundes og sikre god økonomisk styring. Avdelinga har merksemd på å søkje midlar som kan understøtte sentralt utviklingsarbeid.

Budsjettprosessen

Budsjettet har vore drøfta i personalmøte, med seksjonleiarane og stab, kor økonomirådgjevar også har delteke. Det har vore budsjettmøte mellom avdelinga og VAD/økonomirådgjevar. Seksjonsleiarane har orientert og diskutert budsjettet med sine tilsette, der verneombod også har vore tilstade. Det har vore to orienteringsmøte med føretakstillitsvald og med verneombodet til Fag og utviklingsavdelinga.

3.6 HR-avdeling

HR-avdeling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN01 - Basisramme	- 121 131	- 121 131	- 116 229	4 902
LN071 - Øyremerka tilskot - raskare tilbake	- 307	- 407	- 416	- 9
LN09 - Andre driftsinntekter	- 43 521	- 44 461	- 45 484	- 1 023
Sal og driftsinntekter	- 164 959	- 165 999	- 162 128	3 870
LN13 - Varekost	1	3	2	
LN15 - Løn til fast tilsette	31 310	31 409	31 752	343
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	177	238	185	- 53
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	9 465	9 465	8 368	- 1 098
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 787	- 1 853	- 1 458	395
LN19 - Anna løn	7 638	8 003	8 670	667
LN22 - Andre driftskostnader	161 489	159 568	157 274	- 2 294
Driftskostnader	209 293	206 833	204 793	- 2 040
Sum	44 335	40 834	42 664	1 830

HR-avdeling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OCD1 - HR-STAB	11 995	11 520	11 604	84
OCD2 - BEDRIFTSHELSETENESTE	3 606	3 642	3 520	- 122
OCD7 - HR RÅDGJEVING	6 761	7 055	7 247	191
OCD8 - LØNN OG PERSONAL	8 717	8 219	8 205	- 15
OCD9 - RESSURS OG BEMANNING	5 669	5 644	5 385	- 259
ODJ - PASIENTREISER	7 588	4 754	6 704	1 951
Sum	44 335	40 834	42 664	1 830

Netto syner budsjettframlegget for HR-avdelinga ein auke på 1,8 millionar i høve prognose for 2016. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	40 834
Lønnsjustering	1 031
Kostnader justering	3 538
Andre inntekter justering	- 1 032
Redusert basisinntekt som følgje av momsfristak	4 902
Korrigert pensjonskostnad 2016	- 1 163
Korrigering endra MVA 2017	- 8 175
Sum justeringar	- 899
Heilårseffekt som følgje av kostnadsauke innan pasientreiser	2 504
Heilårseffekt som følgje av vedtak og endringar i HR	225
Sum nettokostnader - ramme 2017	42 664

HR sitt budsjett for 2017 er i store trekk i tråd med budsjett for 2016. Aktivitetsnivået er likt med tanke på årsverk med unntak av at det er ein auke knytt til oppretting av Bemanningssenter i Helse Førde. Dette får full verknad først frå 2017. Samtidig er det slik at dette har like store inntekter som utgifter, og ramma til HR er såleis ikkje endra som følgje av dette. Innsparingskrav knytt til rammetildeling vert forsøkt løyst utan reduksjon i bemanning.

Utfordringsbilde knytt til 2017

HR vil bruke 2017 til å sjå på bruk av ressursar på tvers for å kunne vurdere eventuelle synergjar og gevinstrealisering. God styring av tilgjengelege ressursar samt effektivisering av arbeidsprosessar vil være avgjerande for å oppnå tilfredsstillande tenesteleveranse. Innsparingskrav gjer at driftskostnadane vil måtte reduserast knytt til reiseaktivitet og meir bruk av videoutstyr.

Pasientreiser

I 2016 vil mange av kontraktane med transportørar gå ut. Det skal forhandlast om nye kontraktar, og det er knytt usikkerheit til kva vilkår vi vil oppnå. Auka aktivitet dag/kveld i spesialisthelsetenesta vil utfordre ønskje om samkøyring av drosjene og kan gjere transporten meir kostnadskrevjande. Legevaktsamarbeid i kommunane, med påfølgande sentralisering, vil gjere at mange turar vert lenger og dyrare på kveldane og helgane. Ny bomring i Førde vil og auke kostnadene. Auke i eigenandel frå kr 135 til kr 145 vil ha ein positiv effekt på kostnadane til helseføretaket. Vi ser generell auke i bruk av drosje, men vi vil fortsette informasjonsarbeide mot behandlarar og rekvirentar for å unngå unødige kostnader. Ved innføring av elektroniske refusjonskrav frå pasientar og nytt regelverk, vil det verte vedteke nye kilometersatsar på refusjon av reise. Dette gjev ein usikkerheit på tal refusjonskrav i enkeltoppgjær, og størrelsen på desse.

3.7 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN09 - Andre driftsinntekter	- 330	- 335	- 343	- 8
Sal og driftsinntekter	- 330	- 335	- 343	- 8
LN13 - Varekost	191	241	211	- 30
LN15 - Løn til fast tilsette	11 077	10 681	11 454	774
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	289	186	152	- 35
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	3 349	3 349	3 051	- 298
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 88	- 185	- 1	185
LN19 - Anna løn	1 711	1 650	1 764	114
LN22 - Andre driftskostnader	9 535	9 315	9 513	198
Driftskostnader	26 063	25 236	26 144	908
Sum	25 733	24 901	25 801	901

Økonomiavdeling	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
0BC71 - FORSYNING HF	6 715	6 066	6 194	129
0CF1 - ØKONOMI	13 520	13 576	13 825	249
0CF2 - REKNESKAP	5 498	5 259	5 782	523
Sum	25 733	24 901	25 801	901

Budsjettframlegget til Økonomiavdelinga syner ein auke på 0,9 millionar i høve prognose for 2016. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	24 901
Lønnsjustering	351
Kostnader justering	222
Andre inntekter justering	- 8
Korrigert pensjonskostnad 2016	- 298
Korrigering endra MVA 2017	- 301
Sum justeringar	- 34
Lønsressursar til implementering av Libra	700
50 % stillingsauke i økonomiavdelinga	350
20 % stilling nyttast i prosjekt Nye Førde sjukehus	- 200
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	84
Sum nettokostnader - ramme 2017	25 801

Økonomiavdelinga har ansvar for rekneskap, budsjett, innkjøp, lager og forsyning samt inntektssikring ved riktig medisinsk koding. Avdelinga skal sørge for at leiinga får god styringsinformasjon på økonomiområdet. Vidare er avdelinga ei serviceavdeling som skal hjelpe resten av organisasjonen til å få dei varene dei treng til drifta og å forbetre forståinga av økonomiske samanhengar i drifta.

I 2015 byrja det regionale prosjektet LIBRA som er Helse Vest sitt program for å optimalisere støttenestene innanfor fagområda budsjett, innkjøp og logistikk (lagerstyring av varer), regnskap og styringsinformasjon/felles registre. Mellom anna skal prosjektet sørge for ny systemstøtte på områda. Dette prosjektet har vore ressurskrevjande for avdelinga. I 2017 vil prosjektet gå over i ein innføringsfase. Dette krev at Økonomiavdelinga prioriterer deltaking i prosjektet i 2017.

I 2015 overførte avdelinga tre medarbeidarar til Helse Vest Innkjøp HF. Helse Vest Innkjøp HF gjekk i slutten av 2016 inn i det nasjonale selskapet Sykehus Innkjøp HF. Det er ikkje budsjettert med endra kostnader til kjøp av desse tenestene som følgje av endringa. Helse Førde vil aktivt følgje opp at Sykehus Innkjøp leverer tenester som gjev verdi til føretaket – da særleg lågare innkjøpsprisar.

Forsyning

Ansvar til avdelinga er å ivareta og forbetre innkjøps- og forsyningstenesta i helseføretaket. Forsyningsavdelinga vart flytta til økonomiavdelinga i 2016. Grunnen til det var det arbeidet Helse Førde har gjort med å følgje opp regionale tilsyn og gjennomgangar av avtaledekking og styring av innkjøpsområdet. Det vert lagt vekt på avtalelojalitet. Både for kjøp til lagera og for kjøp direkte inn til avdelingane. Ved å auke kompetansen og kunnskapane til dei som tingar varer i innkjøps- og avtaleforvaltningssystemet, vil ein større del av varekjøp verte handla der vi har gode avtalar. Vi ser ein stor auke i etterspørsel etter behandlingshjelpemiddel. Korleis vi løyser oppgåvene på dette området skal det arbeidast med i 2017.

Drift og eigedom

Drift og eigedom	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
LN08 - Andre øyremerka tilskot	- 14 600	- 14 600		14 600
LN09 - Andre driftsinntekter	- 29 028	- 30 967	- 33 628	- 2 662
Sal og driftsinntekter	- 43 628	- 45 567	- 33 628	11 938
LN13 - Varekost	22 100	22 605	19 596	- 3 009
LN15 - Løn til fast tilsette	85 593	84 732	87 509	2 778
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	2 152	2 350	2 296	- 54
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	25 876	25 876	21 760	- 4 116
LN18 - Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 3 536	- 3 918	- 3 239	679
LN19 - Anna løn	9 008	8 486	8 641	155
LN20 - Avskrivningar				
LN22 - Andre driftskostnader	112 781	113 727	93 008	- 20 718
Driftskostnader	253 974	253 857	229 572	- 24 286
Sum	210 346	208 291	195 943	- 12 348

Drift og eigedom	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-P16
OBC - HUSØKONOMI	43 487	42 468	40 521	- 1 946
OBC5 - PORTØR FSS	30 489	30 728	28 754	- 1 975
OBD - TEKNISK DRIFTSDELING	68 989	69 580	68 530	- 1 051
OBF - MATFORSYNING	40 086	39 342	36 445	- 2 898
OE A - DRIFT OG EIGEDOM	2 897	2 047	326	- 1 722
OED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	24 399	24 125	21 368	- 2 757
Sum	210 346	208 291	195 943	- 12 348

Budsjettframlegget til Drift og eigedom syner ein reduksjon på 12,3 millionar i høve prognose for 2016. Endringar og tiltak for å redusere kostnader/auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
Nettokostnader prognose 2016	210 346
Lønnsjustering	2 503
Kostnader justering	2 621
Andre inntekter justering	- 756
Korrigert pensjonskostnad	- 4 116
Korrigering endra MVA 2017	- 19 908
Sum justeringar	- 19 656
Leie prosjekt Nye Førde sjukehus, ikkje erstatte ressurs i driftsorganisasjon	- 870
Reduksjon konsulentkostnader	- 200
Innsparing stilling som direktør internservice, halvt år	- 600
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	293
Sum Drift og eigedom felles	- 1 377
Netto auke i avdeling husøkonomi	655
Nedtak av ein leiarstilling i ekspedisjon og pasienthotell	- 900
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	551
Sum Portøravdeling, vikarbruk/overtid	- 349
Syssettingsmidlar, reduserte inntekter	14 600
Syssettingsmidlar, reduserte kostnader	- 14 600
Auka satsing på ordinært vedlikehald	10 000
Ikkje erstatte ressurs i driftsorganisasjon, Prosjekt Nye Førde sjukehus	- 900
Vaktmester som har fått 100 % stilling	250
Reduserte utgifter som følgje av driftsetting ny bossautoklave	- 600
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	- 235
Sum Teknisk driftsavdeling	8 515
Matforsyning, heilårseffekt av vedtak og endring i 2016	- 107
Medisinteknisk avdeling, heilårseffekt av vedtak og endring i 2016	- 28
Sum nettokostnader - ramme 2017	195 943

Det er hausten 2016 gjennomført organisasjonsendring, der Matforsyning, Pasienthotellet og Ekspedisjonen er lagt inn i Drift og eigedom, medan Forsyning er teken ut av Drift og eigedom. Det har vore ein gjennomgang knytt til kva som skal klassifiserast som vedlikehaldsprosjekt og kva som skal klassifiserast som investeringsprosjekt, og på bakgrunn av dette er 10 millionar flytta frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet for Drift og eigedom. Budsjettet for Drift og eigedom er i hovudsak ei vidareføring av kostnadsnivået i 2016, korrigert for løns- og prisauke, endra avdelingssamansetning på Drift og eigedom og flytting av investeringsmidlar til drift..

Utfordringar 2017

Drift- og eigedom har små og store prosjekt som skal gjennomførast i løpet av året. Realiseringa av nye Førde sjukehus har høgst prioritet og det vil vere behov for å organisasjonen å nytte tid inn mot dette prosjektet. Det er under innføring nye FDV system på Medisinteknisk avdeling og på Teknisk avdeling, dette vil krevje ressursar og ekstra innsats frå desse avdelingane i 2017. Bygg aust vert ferdigstilt sommaren 2017 og vil belaste driftsbudsjettet med eit halvt års drift, prosessen med å overta og ta bygget i bruk vil gi oss ei ekstra arbeidsbelastning, utover hausten 2017.

Det er lagt planar for at vi skal kunne møte dei utfordringane vi ser, dersom uføresette toppar i arbeidsbelastning oppstår så må desse løysast ved innkjøp av tenester.

Drift og Eigedom må ha kapasitet til å bemanne Nye Førde sjukehus med strategiske og sentrale funksjonar. Ressursplanar for utnytting av eksisterande ressursar supplert med bemanning av kompetent personell vert viktig for å nå måla. Delar av ressursbruken inn mot Nye Førde sjukehus vil bli aktivert og vil ikkje verte kostnadsført i driftsbudsjettet.

Teknisk drift

I 2016 har Teknisk drift arbeidd etter bygningsmessig utviklingsplan, og vi vil i 2017 oppdatere tilstandsanalyse for alle stader der vi har bygningsmassar. I vedlikehaldsplan for HFD, er kritiske tiltak prioritert, og det vil spesielt i 2017/2018 verte prioritert oppgradering av Sentral driftsstyring (SD-anlegg). Det er sett av midlar på langtidsbudsjett for gjennomføring av arealplan for LSH, og planlegging er starta på bakgrunn av startløyving i 2015. Det er gjennomført konseptfase for arealplan FSS, framover vil avdelinga arbeide med forprosjekt til Nye Førde sjukehus. Bygg Aust slutførast i 2017, og ferdigstillingsdato er 16 juni. Tidsakse for gjennomføring av Nye Førde sjukehus må vurderast opp mot risiko for dei tekniske installasjonane, slik at naudsynte tiltak kan setjast i verk i tide.

20. januar 2017 vil HFD gå i produksjon med nytt system for overvaking og oppfølging av bygningsmassen, (FDV-system), og det har i 2016 vore utført eit omfattande arbeid med overføring av data til nytt system. Teikningsdokumentasjon er digitalisert og konvertert for innlesing og bruk i det nye systemet. Innføring av FDV-system vil effektivisere bygningsforvaltninga, arbeidsordrehandtering og ressursstyring.

Bustadformidling

Overføringa av rammer til klinikkane kan sjå ut til å ha fått ønskja effekt. Del som «betalast» av avdelingane i form av gratis leige er redusert medan inntektene har auka. Samarbeid med bustadstiftingane med å rehabiliter og betre tenestene vil halde fram i 2017.

Matforsyning

Matforsyning forventar inntektsauke på meirsal også i 2017. Elles vert det vidareført tilsvarende driftstilbod i 2017 som i 2016. Matforsyning fekk Kvalitetsprisen 2016 på bakgrunn av mellom anna prosjekt Mat og menyutvikling. Dette forbetningsprosjektet vil verte vidareført i 2017 som ein del av drifta på dei ulike seksjonane i matforsyning. Investering i nye kokegryter (er 20 år) på produksjonskjøkkenet i Førde vil vere ein prioritert sak i 2017. Matforsyning deltek i regionalt prosjekt om datastyringsprogrammet for alle kjøkken i Helse Vest.

Medisinteknisk avdeling (MTA)

Hovudfokus for MTA i 2017 vil vere å gjennomføre ny risikovurdering på alt utstyr samt utarbeide nye vedlikehaldsplanar i det nye FDV-systemet Medusa. I tillegg arbeider vi med regional utrulling av systemet.

MTA vil verte involvert i utrullinga av store IKT-prosjekt som Kurve- og legemiddellogistikk (KULE) og Digitalt Mediearkiv (DMA), desse prosjekta vil verte vidareført i 2017. Etter kvart som KULE og DMA vert sett i driftsfase, vil MTA få betydelege og viktige forvaltningsoppgåver.

Arbeidet knytt til arealplanen vil og berøre MTA, vi skal bidra med vår spisskompetanse i denne planprosessen.

Husøkonomi

Den største utfordringa i 2017 vert implementering av nytt FDV-system tilpassa reinhaldar og avdelingar. Vidare ta i bruk Bygg aust og gjere driftsavtale om tenestelevering til Sys IKL. Halde fram arbeidet med å skape medverknad for tilsette og følgje opp rutinar ved sjukefråvær og godt arbeidsmiljø ved avdelinga. Ivareta miljøet innomhus på ein slik måte at pasientar og pårørande får eit godt opphald og slik at tilsette får ein god arbeidsplass.

Portør


Pasienthotellet, serviceseksjon Ekspedisjon og portøravdelinga er frå hausten 2016 for første gong organisatorisk samla i ei avdeling under ein avdelingssjef. Ei utfordring i 2017 vert å jobbe vidare med å sjå på kva synergjar ein kan oppnå i ei samla avdeling. Avdelinga deltek aktivt i to av delprosjekta til Alle møter (Vel møtt og Open linje), og det å bidra til å opprette eit kontaktsenter i Helse Førde, vert ei konkret målsetjing for avdelinga i 2017. Portørane er starta opp med fagbrev og omlag halvparten deltek her.

4 Bemanningsplan Stab og støtte 2017

Netto månadsverk frå 2013 til 2017

Netto månadsverk	2013	2014	2015	2016	Budsjett 2017	Endring	Merknad
Adm. dir.	12	11	12	12	12	-	Samhandlingsjef slutta i 2016
Drift og eigedom	177	168	171	170	171	0,5	MTA - Kule 1, Vaktmester 0,5 Redusert 1,5 leiarstilling, Ein med verknad 2017 (i tidligare Intern service)
Fag og utvikling	42	38	43	39	42	3,5	Innovasjonsstilling 0,3 Smittevern - 0,8 stilling Prosjektstillingar 3 Samhandlingssjef 1
HR-avdeling	58	59	60	64	68	4,0	Bemanningscenter 4, (6 ligg inne alt hausten 2016)
Stab og støtte VAD	25	26	27	30	30	-	Pasientens helseteneste, 3 ligg inne alt frå haust 2016
Økonomiavdeling	19	21	25	21	23	1,5	Prosjekt Libra 1,5
Sum Stab og støtte	333	324	338	336	346	9,5	

Tal henta frå november alle år



5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunktta i samband med budsjettprosessen i Stab og støtte.

Datoar for budsjettarbeid 2017		
Dato	Deltakarar	Tema
30.06.2016	Avdelingsleiarar	Utsending av rammmer for budsjett 2017
02.10.2016	Wenche Røkenes, Berit Hornnes, Arne Skjelten	Oversending av informasjon om budsjettutkast for HR 2017 til tillitsvalde, etter vanlig rutine. Fordi avdelinga ikkje er så stor er det tradisjon for at dette skjer skriftlig. Ramme drøftast som ein del av Stab og støtte si totale ramme.
03.10.2016	Stabsmøte, VAD med næraste underordna	Prognose 2016, budsjettgrunnlag, mogelege innsparingar og realauker
03.10.2016	Fag og utv. avd/leiarmøte, møte med tillitsvalde og verneombod	Informasjon om budsjett - rammer og prioriteringar
07.10.2016	Avdelingsleiarar i Stab og støtte, VAD, tillitsvalde Elisabeth Andersen, Randi Aven og hovedverneombod Gustav Hovland	Informasjon om tildelte rammer til avdelingane og utfordringar synleggjort i tiltakskjema.
10.10.2016	Fag og utv. avd/leiarmøte, møte med tillitsvalde og verneombod	Informasjon om budsjett - rammer og prioriteringar
05.12.2016	Klinikk arbeidsmiljøutval (KAMU)	Gjennomgang og informasjon om saldert budsjett, i 2016 kroner.
05.12.2016	VAD og tillitsvalde	Drøfting av budsjett for Stab og støtte, i 2017 kroner
05.12.2016	Møte FAU tillitavalde og verneombod	Informasjon om budsjett - konsekvensar for avdelinga

----- O -----